

Valbjørsløkkja øvre

Av Knut Raastad, 2017



Valbjørsløkkja gnr. 73 bnr. 10 ligg i Nordherad aust for Valbjør og vart frådelt frå Valbjør i 1959.

Imbert Pedersen Skultbakken 1859-1945 vart 1885 gift med Ingeborg Olsdotter Valbjørsløkken nedre 1862-1947 dotter til Ole Paulsen 1827-1912 og Kari Iversdtr. Moeie. Imbert var son til Peder Olsen Einstulen 1826-1877 og Rønnaug Knutsdotter Flatåsen 1823-1889. Imbert og Ingeborg er nemnde i Valbjørsløkken i 1887-1888, men dette kan vera i nedre. I 1892-1894 var dei på Skultbakken, men frå 1897 er dei i øvre Valbjørsløkken. Imbert og Ingeborg hadde 9 barn:

Peder f.1883, var i Amerika men kom att.

Kari 1887-1887

Kari f.1888, g.m. Knut Åsen.

Ole f.1892, g.m. Brit Jakobsdtr. Heggerusti. Oppheim i Lom.

Ragnhild f.1894, g.m. Bertil Glimsdal (Lom).

Anne f.1897, g.m. Per Haugen (Lom)

Paul f.1900, g.m. Tea Glimsdal (Lom). I Kleivsletten.

Ivar 1904-1978, g.m. Marit Steindalen. I Steindalen/Einstulen.

Mari 1907-1991, neste brukar

Mari Valbjørsløkken 1907-1991 overtok i 1959.

1991-1996 var det folketomt, men Iva Hidemstrædet overtok i 1991. Han var dottersonen til bror til Mari, Ivar Valbjørsløkken 1904-1978. Iva Hidemstrædet f.1972 frå Einstulen i Skårvangen er son til Magne Hidemstrædet (Lom) f.1949 og Inger Valbjørsløkken f.1941. Iva Hidemstrædet er gift/smb. med Helene Hovden f.1981 dotter til Anne Aabakken (Groven) f.1943 og Helge Hovden 1943-1981.

Kjelder:

Norske Gardsbruk 1953-1997

Opplandarkivet Vågå: familieark, avskrifter grunnbok, pantebøker mm.